



DEN NORSKE KYRKJA  
OS SOKNERÅD

200606109 02.11.06  
Li-501  
dok 414

Os 31. oktober 2006


Kultur- og kirkedepartementet,  
Kirkeavdelingen,  
Postboks 8030 Dep,  
0030 Oslo.

Vår ref.: 139/2006 /002.0.  
Dykkar ref:

## Os sokneråds høyringsfråsegn - "Gjønnesutvalet"

Oversender med dette Os sokneråds høyringsfråsegn, vedtatt i  
Soknerådsmøte 19/10 og 26/10-2006.

Med helsing  
OS KYRKJEKONTOR



Gerhard A. Hansen  
kyrkjeveje

## Staten og Den norske kirke – Spørsmål til høringsinstansene

Navn på høringsinstans:

### OS SOKNERÅD Boks 209 5202 Os

#### Type høringsinstans

- Kommune
  - Menighetsråd/kirkelig fellesråd/bispedømmeråd
  - Prost/biskop
  - Tros- eller livssynssamfunn utenfor Den norske kirke
  - Frivillig organisasjon innenfor Den norske kirke
  - Annen offentlig instans
  - Annen privat instans
- 

#### Innleiing

Saka som er utgreidd og på høyring gjeld det norske samfunnet sitt tilhøve til religion og livssyn generelt og Den norske kyrkja spesielt. Spørsmålet er kva religionspolitikk som skal først i eit fleir-religiøst samfunn med ein sterk statskyrkjeleg tradisjon. Spørsmålet gjeld såleis ikkje primært og einsidig indrekyrkjelege reguleringsspørsmål av Den norske kyrkja. Dei fleste av slike spørsmål er for lite og uferdig utgreidd i NOU 2006:2. Høyringsspørsmåla samsvarar med dette, og legg opp til ei prinsipiell og overordna avklaring og avgjerd.

#### 1. Hvilke overordnede prinsipper bør ligge til grunn for tros- og livssynspolitikken?

Svar:

##### 1. Reell religionsfridom og prinsipiell sidestilling av trus- og livssynsamfunn.

Trus- og livssynsfridom er ein grunnleggande menneskerett, uttrykt i internasjonale menneskerettserklæringar og nedfelt i Grunnlova og trussamfunnslova.

I Noreg har det vore ein lang og sterk tradisjon at Den norske kyrkja har vore naturleg del av folket og dei aller fleste har si tilknytning til vår kyrkje. Fleirtalet i Os sokneråd meiner derfor at tida ikkje er moden for eit skilje mellom stat og kyrkje. Dette bør likevel ikkje hindre at staten syter for at det er religionsfridom i landet, samstundes som staten har eit særleg ansvar for Den norske Kyrkja.

Staten bør likevel så langt det lar seg gjere, syte for at Den norske Kyrkja får delegert ansvar og mynde til å forvalte kyrkja som trudomssamfunn.

Den norske kyrkja må som majoritetskyrkje vere særleg oppteken av å møte andre trussamfunn med respekt, og lytte til deira erfaringar.

##### 2. Staten bør ha ein aktivt støttande religionspolitikk.

Det blir i dag ført ein aktiv og støttande religionspolitikk som bør halde fram og utviklast vidare. Trus- og livssynsfridom bør sikrast ved at det blir gitt rammevilkår som set trus- og livssynssamfunna i stand til å utøve si verksemd i samsvar med sin eigenart. Støtte må bli gitt på prinsipielt like og ikkje-

diskriminerande vilkår. Dette hindrar ikkje at det norske samfunnet av historiske og oppslutningsmessige grunnar fører vidare Den norske kyrkja sine nasjonalkyrkjelege funksjonar.

Votering:

Eit fleirtal sluttar seg til desse punkt.

Eit mindretal vil streka under at alle trus- og livssynssamfunna sin sjølvråderett når det gjeld spørsmål om leiarskap og lære.; dvs kyrkja sjølv skal ha hand om biskopar og andre leiarar.

## 2. Den norske kirke som statskirke:

- (A)  Bør fortsette  
(B)  Bør avvikles  
(C)  Vet ikke / ønsker ikke å svare

Votering:

Alternativ A (bør halde fram) fekk 7 røyster

Alternativ B (bør avviklast) fekk 3 røyster

Alternativ C (veit ikkje... ) fekk 1 røyst.

Fleirtalet syner til fråsegn frå Kirkens arbeidsgiver og interesseorganisasjon si fråsegn der det m.a. heiter:

Etter en samlet vurdering, vil KA anbefale en videreføring av den utvikling som ble påbegynt i forrige århundre som kjennetegnes av en gradvis organisatorisk løsrivelse mellom Den norske kirke og staten. Denne kirkepolitiske linje har vært retningsgivende for kirkelige reformer fra 1970-tallet, og ble videreført av et samlet Storting i forbindelse med behandlingen av St.meld. nr 40 (1980-81) Om stat og kirke.

KA mener at det fortsatt vil være uheldig med for kategoriske tradisjonsbrudd på dette samfunnsområdet. Det vil samtidig være ønskelig å videreføre denne gradvise reformprosess i forhold til nåværende lovgivning. KA er uenig med utvalget i at vi har kommet til veis ende med å utvikle kirkeordningen innenfor en form for statskirkelig grunnkonstruksjon. Ved å kombinere en dynamisk forståelse av gjeldende kirkerett med noen konkrete endringer i lovverket, vil en kunne få en utvikling som er tjenlig både for Den norske kirke og for andre tros- og livssynssamfunn.

Mindretalet si fråsegn:

Uttrykksmåten: "avvikle statskirken" er uheldig og kan vere direkte misvisande. Det er statens styre av Den norske kyrkja som evt. skal avviklast, og erstattast med eit anna. Med ei lovforankra folkekyrkje (jfr. neste spm.) vil det framleis vere ei offentleg tilknytting gjennom eiga kyrkjelov og offentlege finansieringsordningar.

Vi gir vår tilslutning til at statskyrkjeordninga i noverande form blir avvikla, og endra relasjonar mellom staten og Den norske kyrkja etablerte. Dette må skje slik at Den norske kyrkja framleis får vere ei open og landsdekkande folkekyrkje, utan at andre trus- og livssynssamfunn opplever at dei vert diskriminerte.

Med den tradisjon og sterke stilling kyrkja har i vårt land, er det naturleg at dette vert regulert i ei eiga lov; dette vert meir ei pragmatisk løysing enn ei prinsipiell grunngeving.

### 3. I hvilken lov bør Den norske kirke være forankret?

- (A)  Grunnloven  
(B)  Egen kirkelov vedtatt av Stortinget  
(C)  Lov om trossamfunn  
(D)  Vet ikke / ønsker ikke å svare

Votering:

Alternativ A (grunnloven) fekk 8 røyster

Alternativ B (eiga kyrkjelov) fekk 3 røyster

Fleirtalet syner til fråsegn frå Kirkens arbeidsgiver og interesseorganisasjon (KA) si fråsegn der det m.a. heiter:

KA vil anbefale at Den norske kirke fortsatt gis en forankring i Grunnloven, men mener det bør gjøres noe mer vidtgående endringer av grunnlovsparagrafene enn i Gjønnnesutvalgets modell 1. KA deler Gjønnnesutvalgets religionspolitiske vurderinger som understreker prinsippet om likebehandling av tros- og livssynssamfunn, samtidig som det fastholdes at nåværende statskirkeordning ikke er i strid med dette. KA er også enig med utvalgets flertall om at det fortsatt finnes et forbedringspotensiale på dette området. KA mener dette kan imøtekommes ved en gjennomgang og justering av GL § 2, 12 og 16. Dette bør kunne gjøres uten at relasjonen til staten oppheves, men likevel mer omfattende endret enn Gjønnnesutvalgets modell 1.

KA finner utvalgets behandling av Kongens rolle som kirkemedlem utilstrekkelig (§4). Betydningen av den nære forbindelse mellom konge og kirke bør belyses ytterligere, både når det gjelder konstitusjonelle og kultursosiologiske aspekter. Etter KAs mening bør utnevning av biskoper på sikt overføres til Den norske kirkes valgte styringsorganer. Inntil videre finner KA det imidlertid ønskelig at ordningen med utnevning av biskoper av Kongen i kirkelig statsråd videreføres. KA vil samtidig støtte forslaget om å foreta endringer i GL § 12. Medlemsplikten bør kunne begrenses til kirkestatsråden. Kirkelig statsråd kan bestå av de statsråder som til enhver tid er medlemmer i Den norske kirke. Det bør samtidig innføres en ordning der Kirkerådet, etter en kirkelig prosess, gis innstillingsrett på inntil tre kandidater overfor Kongen i statsråd. Gjeldende ordning for nominasjon og kirkelig avstemning på biskop bør for øvrig revideres i lys av de senere års erfaringer.

Mindretalet si fråsegn:

På grunnlag av dei prinsipielle vurderingane i sp. 1 (m.a. prinsipp om at trussamfin si sjølvråderett når det gjeld spørsmål om leiarskap og lære) og 2, gir vi vår tilslutning til fleirtalet si Gjønnnesutvalet sin modell: "lovforankra folkekyrkje." Nemninga kan nok ha sine minus-sider, men modellen tek vare på både religionsfridomsprinsippet og ei vidareføring av Den norske kyrkja som ei nasjonal folkekyrkje. Ei eiga kyrkjelov, vedteken av Stortinget, vil måtte vere ei kortfatta rammelov, som sikrar og tydeleggjer at Den norske kyrkja er den same, men har endra sin relasjon til Staten. Den norske kyrkja blir eit eige rettssubjekt, som ved sine valde styringsorgan fastset si kyrkjeordning, og utnemner biskopar og prostar og prestar. Ein bør vurdere om det er ønskeleg å forankre ei slik særlov i ein nyformulert verdiparagraf (jfr. sp. 6)

#### 4. Hvordan bør Den norske kirke finansieres?

- (A)  Gjennom medlemsavgift  
(B)  Medlemsavgift med noe støtte fra det offentlige  
(C)  Støtte fra det offentlige og med noe medlemsavgift  
(D)  Offentlig finansiering uten medlemsavgift  
(E)  Vet ikke / ønsker ikke å svare

#### Votering:

Alternativ A 0 røyster

Alternativ B 0 røyster

Alternativ C 2 røyster

Alternativ D 9 røyster

#### Fleirtalet si grunngjeving/premissar:

Den norske Kyrkja har vore offentleg finansiert så lenge det har vore ein del av den offentlege forvaltning. Hovudinndeling har vore at prestane ("Embetslinja") har vore finansiert direkte gjennom statleg løyving, medan lokalkyrkja (kyrkjebygg, ulike medarbeidarar som kontor, klokkar, administrativt personell, osv) har vore finansiert gjennom kommunane. Kommunane var "styre i den lokale kyrkjekasse" fram til 1997. Finansieringa har vore del av det generelle skattegrunnlaget og har som dei fleste skattar ikkje vore synleggjort og har vore universell som ein livssynsavgift. Andre kyrkjesamfunn/livssynssamfunn har fått tilsvarende tilskot til si verksemd som Den norske Kyrkja.

Det er ein lang og sterk tradisjon at kyrkja sjølve gjennom offer, aksjonar og gjevarteneste samlar inn midlar til misjons- og bistandsarbeid, lokal kyrkjelydsarbeid og andre formål som styrker den lokale kyrkja sitt engasjement. Dette vil måtte halde fram og vere ein naturleg del av eit kyrkjeleg engasjement og teneste for kyrkjelyden.

Finansiering må vere slik at den norske kyrkja framleis skal kunne dekke folk sin trong for kyrkjelege tenester i heile landet, og framstå som ein landsdekkande folkekyrkje. Det må takast omsyn til den trong kyrkja har for å syte for tilstrekkeleg dåpsopplæring av alle døypte og at kyrkjelydane kan ha eit tilstrekkeleg tall gudstenester.

Mange av våre kyrkjer representerer viktige kulturskattar både frå mellomalder og nyare tid. Storsamfunnet må ta ansvar for den kulturarv som kyrkjebygga i seg sjølve representerer. Vi må unngå ein situasjon der vedlikehaldskostnader hindrar drift og utvikling av det kyrkjelege arbeidet elles. Dei særlege utfordringar med drift- og vedlikehald av kyrkjebygga må sikrast ein trygg og føreseieleg finansiering.

Mindretalet sluttar seg til fleirtalsfråsegna, men vil likevel og ha ein medlemsavgift da dette og vil styrke bevisstgjeringa om kyrkjemedlemskap.

Eit medlem vil og at det førast inn i høyringsfråsegnet: Gjeldande finansiering av kyrkja skjer gjennom det generelle skattekravet og kan likestillast med ein generell livssynsavgift. Alle trus- og livssynsamfunn får "sin" del av det som vert brukt til kyrkja. Prinsippet om livssynsavgift må vidareførast; dei som ikkje tilhøyrrer trus- el livssynsamfunn, må få høve til å "øyremerke" sitt bidrag til generelt bistandsarbeid el kulturelt arbeid.

**5. Hvordan bør valgordningene og demokratiet være dersom statskirkeordningen avvikles?**

- (A)  Valgordningene bør være som i dag  
(B)  Øke bruken av direkte valg til kirkens besluttsende organer  
(C)  Vet ikke / ønsker ikke å svare  
(D)  Eventuelle andre ordninger:

Votering:

Alternativ A fekk 0 røyster

Alternativ B fekk 1 røyst

Alternativ C vart omdefinert til: Veit ikkje, men ønskjer å gje slik fråsegn (10 røyster)

Fleirtalet vil gje slik fråsegn:

Spørsmålet bør ikkje avgrensast til å gjelde dersom statskyrkja skal avviklast; spørsmålet er så absolutt og relevant dersom kyrkja framleis skal vere del av statleg verksemd.

Spørsmålet om valordningar er berre nokså kortfatta drøfta av utvalet (s. 109-111), og ulike alternativ er ikkje utgreidde. Utvalet nøyer seg med å understreke at det er trong "for tiltak som styrker både valgdeltakelse og representativitet" (s.13). Fleirtalet konkluderer med at dette "en internkirkeleg utfordring," medan eit mindretal på 4 tilrår å innføre "en kombinasjon av direkte og indirekte valg til fellesråd, bispedømmeråd og Kirkemøtet" (s. 114).

Det ligg såleis ikkje føre framlegg til endringar i valordningane. Det er såleis heller ikkje mogeleg å ta stilling til noko alternativ, men vi har følgjande synspunkt på spørsmålet:

1. Spørsmålet om auka valdeltaling har stått på dagsorden i mange år, og ulike forsøk har vore sette i verk. Erfaringane frå desse forsøka må brukast i arbeidet med å utvikle nominasjons- og valgordningar. Valordninga er grunnleggande demokratisk, men deltakinga for lita. Dette tyder på at nominasjonsprosessen må forbeholdast for slik å skape interesse for valet.
2. Gjønnestutvalet påpeikar med rette at kyrkjedemokrati ikkje utan vidare er identisk med eit borgarleg demokrati (s.109). Kyrkjelege val har dåpen som grunnlag og styringsorgana er forplikta på læregrunnlaget og oppdraget til kyrkja (jfr. t.d. kyrkelova § 28)
3. Den norske kyrkja har ei såkalla synodal kyrkjeforståing, der dei ulike kyrkjedemokratiske valde rådsorgana også har sin(e) ordinert(e) representant(ar): prest, prost, biskop. Dette samsvar med den sjølvforståinga Den norske kyrkja har på grunnlag av sine vedkjenningskrift. Ei lovforankra folkekyrkje må vidareføre dette.
4. Sidan soknet er grunneininga i kyrkja, er det med rette direkte val til soknerådet. Valordninga her må vitaliserast og styrkast. Kyrkjeordninga og kyrkjestyret kan ikkje ha sitt utgangspunkt i enkeltmedlemmer sine interesser, men i det lokale kyrkjelydsfellesskapet. Det er difor ikkje sakssvarande å ha direkte val til t.d. Kyrkjemøtet. Det er soknet sin representativitet som må ivaretakast i regionale og nasjonale kyrkjeråd.

**6. Dersom statskirkeordningen avvikles, hva bør i så fall stå i § 2 (eller i en annen paragraf) i Grunnloven i tillegg til prinsippet om religionsfrihet?**

(Her kan du/dere sette kryss på ett eller flere alternativer)

- (A)  Ingen tillegg  
(B)  De politiske prinsipper som statsforfatningen bygger på; så som demokrati, rettstaten og menneskerettighetene  
(C)  Det kristne og humanistiske verdigrunnlaget

- (D)  Det humanistiske verdigrunnlaget  
 (E)  At Den norske kirke er en evangelisk-luthersk kirke  
 (F)  Vet ikke / ønsker ikke å svare  
 (G)  Eventuelt annet:

Votering:

Alternativ A	0 røyster
Alternativ B	0 røyster
Alternativ C	11 røyster
Alternativ D	0 røyster
Alternativ E	5 røyster
Alternativ F	0 røyster
Alternativ G	0 / Ingen merknad

Merknad til pkt C:

Det vil vere tenleg og identitetskapande for folket som nasjon synleggjere sitt verdigrunnlag. Vi vil gi vår tilslutning til fleirtalet i Gjønnes-utvalet sitt framlegg til verdiparagraf: *"Alle Indvaanere av Riget have fri Religionsutøvelse. Den kristne og humanistiske Arv forbliver Statens Værdigrunnlag."*

Merknad til pkt E:

Viktig presisering; den norske kyrkja er ein evangelisk-luthersk kyrkje.

**7. Hvem bør ha ansvaret for gravferdsforvaltningen?**

- (A)  Den lokale kirke (menighetsråd eller kirkelig fellesråd)  
 (B)  Kommunen  
 (C)  Vet ikke / ønsker ikke å svare

Votering:

Alternativ A	9 røyster
Alternativ B	2 røyster

Fleirtalet si fråsegn:

Gjønnesutvalet sitt fleirtal (17) går inn for å legge den offentlege gravferdsforvaltninga til kommunen, medan eit mindretal (3) tilrår den ordninga som kyrkjelova av 1996 stadfesta og vidareutvikla. Fleirtalets hovudargument er at gravferdsforvaltning er *"en allmenn oppgave som må ivaretas av det offentlige"* (s. 138). Tilrådinga er likevel ikkje meir prinsipielt forankra enn at ein meiner kommunen fritt må kunne inngå avtale med Den norske kyrkja om å overføre oppgåva til kyrkjeleg fellesråd.

Etter vår vurdering er det sterke erfaringsbaserte argument for å halde på noverande ordning. Ei nokså fersk undersøkjing viser at brukarane er svært nøgde med gravferdsforvaltninga, ja, faktisk er det inga annan offentlig teneste som scorar høgare. Det er få eller ingen klager på denne tenesta, t.d. frå andre trus- eller livssynsamfunn.

Gravferdstenestene krev høg kompetanse innan det grøntfaglege- og ulike tekniske fagområde, men også når det gjeld kultur, religion, ritual, symbol, sorg og krise. Nettopp på grunnlag av den

kompetanse kyrkjelege medarbeidarar har, vil det i noverande kultursituasjon vere slik at kyrkjeleg forvaltning av gravferdstenesta skaper stor tryggleik og tillit. Den livssynsmessige forankringa er ikkje eit problem, men ein ressurs i møte med alle brukarane.

Driftskostnadane er relativt lave t.d. i samanlikning med andre nordiske land. Éi årsak er truleg rasjonell drift med bruk av kombinasjonsstillingar for kyrkjetenarar og kyrkjegardsarbeidarar.

I tillegg er plasseringa av gravstaden i høve til kyrkjehuset eit tungvegande argument. I praksis er det tale om eitt anlegg. Dersom kommunen skal eige og drifte gravstaden vil det lett nok kunne oppstå motsetningar i høve til bruk av kyrkjehuset, som er kyrkjelydens eigedom.

Mindretalet vil streka under at gravferdsforvaltning er eit offentleg ansvar og at "storsamfunnet" skal forvalte dette. Det hindrar ikkje at ein lokalt kan ha ei praktisk oppgåvefordeling med t.d. den lokale kyrkja.

### 8. Hvem bør eie og forvalte kirkebyggene?

- (A)  Den lokale kirke bør eie kirkebyggene og ha det økonomiske ansvaret
- (B)  Den lokale kirke bør eie kirkebyggene, og kommunen bør ha det økonomiske ansvaret
- (C)  Kommunen bør eie kirkebyggene og ha det økonomiske ansvaret
- (D)  Vet ikke / ønsker ikke å svare

Votering:

- Alternativ A 0 røyster
- Alternativ B 11 røyster
- Alternativ C 0 røyster
- Alternativ D 0 røyster

Fråsegn:

Det er påfallande at høyringsbrev har alternativ 3 med spørsmål om kommunen bør vere kyrkjeieigar. Spørsmålet er ikkje reist i utgreiinga og det har alltid vore soknet som har vore eigar av kyrkjene, med unntak ein periode da kyrkjene var i privat eige. Rett nok er fleire kyrkjer ført i grunnboka som kommunal eigedom, men det var kommunen som kyrkjekasse som forvalta desse på vegne av soknet.

Det er soknet som er eigar av kyrkja/kyrkjene i soknet. Dette må forvaltast av det organ som soknet tillegg slik fullmakt.

Lokalsamfunnet sitt engasjement og nærleik til kyrkjebygga har vore viktig for bygda/grenda sin identitet og eigarengasjement. Det er derfor rimeleg at kommunen også framover har det finansielle ansvar for bygging, drift og vedlikehald av kyrkjene. Samstundes må det sikrast at særleg kostnadskrevjande kyrkjebygg (t.d. verna kyrkjebygg) får ein finansiering ved sidan av det den lokale kommune må forventast å ta ansvar for.